

Noregs vassdrags- og energidirektorat

28.06.23

Høyringsfråsegn Revisjonsdokument Mauranger

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftslivsorganisasjon med nær 30 000 medlemmer. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Overordna innspel – samfunnsnytten i å prioritere natur og friluftsliv
Friluftsliv og natur representerer store verdiar for enkeltmenneske og samfunn, og bør difor verte prioritert i vilkårsrevisionane. BHT vil her kort grunngje kvifor ivaretaking av natur og friluftsliv må vektast høgt, trass i at det endå er vanskeleg å setje klare tal på desse verdiane.

1.1 Friluftslivets verdi

Friluftsliv er ein viktig del av livet til mange menneske. Det er vår medlemsmasse med å synleggjere, og det kjem fram i den nyleg vedtekne «Regional plan for kultur» for Vestland fylke:

Friluftsliv er eit lågterskeltilbod, og eit av dei områda som har størst deltaking blant innbyggjarane i Noreg. Heile 97% av alle over 16 år deltok i 2021 på ein friluftslivsaktivitet, og nesten halvparten svarar at dei går på tur i nærmiljøet fleire gonger i veka.¹

Kva den enkelte får ut av friluftsliv vil kunne ha mange variasjonar, men ein kan legge til grunn at det er knytt til «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse».² Desse individuelle opplevingane er i seg sjølv ein viktig verdi å verne om. I tillegg peikar den refererte stortingsmeldinga på at friluftslivet er ein nøkkel til folkehelse, noko som også er

¹ Regional plan for kultur, s. 35. Tilgjengeleg frå: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer--ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>

² St.mld. 18 (2015-2016), s.10

å finna i «Regional plan for kultur» for Vestland fylke: «Friluftslivet spelar ei viktig rolle for å nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet i befolkninga».⁳

Vidare er naturopplevingar viktig for den psykiske helsa, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturoppleving, spesielt viktig for folkehelsa. God tilrettelegging er ein føresetnad for at flest mogleg kjem seg på tur. Eit fungerande økosystem med levande skogar, fjell, elvar og vatn er føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar. Ivaretaking av natur og turruter er difor viktig for friluftslivet sin eigenverdi og for folkehelsa.

Natur og friluftsliv har også stor verdi for turistnæringa. *Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig*⁴ legg til grunn at: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling».

Deltaking i organisert friluftsliv ser også ut til å auke; BHT sin medlemsmasse har gått opp med 50 prosent sidan 2007, og BHT har i dag lokallag i alle kommunar i regionen.

1.2 Naturkrise og naturavtale

Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)⁵ i 2019 syner at me står overfor ei global naturkrise, der arealinngrep og medfølande habitatøydeleggjaringar har vore den viktigaste drivaren. Noreg har, gjennom den nyleg underskrivne Montreal-avtalen, forplikta seg til å vere med på verne 30% av naturen, og restaurere 30% av den naturen me alt har bygg ned. I denne samanheng er det viktig at ansvarleg myndighet nyttar høve til å skape betre levekår for dei artane som er tilknytt vassdraget, og for restaurere landskapskvalitetar.

1.3 Oppfølging av vassdirektivet

Sidan revisjonssaka vart opna har Noreg vorte granska i EFTA Surveillance Authority (ESA), der praktiseringa av vassdirektivet i vasskraftsaker er tema. I sitt svar til ESA viser norske myndigheter til at vilkårsrevisjonar er eit hovudtiltak for å imøtekomm vassdirektivet. Likevel har det i praksis hend at regionale vassforvaltningsplanar ikkje vert oppfylt fordi ein gjennom revisjon ikkje prioriterer å gje minstevassføring til elver som ville fått naudsynt økologisk forbetring ved løvying av minstevassføring.

Dette kan ikkje forsetje, gjeve stadig sterkare styringssignal om å ivareta natur. Vestlandet har i tillegg alt fått, og vil få eit betydeleg våtare klima. NVE viser i ein rapport⁶ at eit utval anlegg i fylket, som følge av endra klima, kan venta 3-7% produksjonsauke i åra fram mot 2100. I kva grad dette er

³ Regional plan for kultur, s. 35. Tilgjengeleg frå: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer---ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/>

⁵ IPBES (2019): Global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. E. S. Brondizio, J. Settele, S. Díaz, and H. T. Ngo (editors). IPBES secretariat, Bonn, Germany. 1148 pages. <https://doi.org/10.5281/zenodo.3831673>

⁶ http://publikasjoner.nve.no/rapport/2017/rapport2017_84.pdf

overførbart til Mauranger-reguleringa er ukjend, men ei 3-7% auke tilsvarar omlag 39-92GWh for Mauranger. NVE (ibid.) skriv at auken er større der ein har god magasinkapasitet. BHT meiner NVE ikkje utelukkande kan gjere vurderingar av krafttapet frå auka minstevassføring utan å sjå dette i relasjon til kraftgevinsten som kjem av klimaendringar. Som ein konsekvens av dette meiner BHT at NVE må sørge for at ein betydeleg del av den auka nedbøren må komme naturen til gode, gjennom auka vassføring i elvene.

1.4 Verdien i området

Innanfor reguleringsområdet er det verdsette friluftslivsområde med verdi: «verdsett friluftslivsområde», «viktig friluftslivsområde» og «svært viktig friluftslivsområde». Dette synar at det er kartlagde verdiar i området, men det verkar å vere manglar i kartlegginga. Turistruta over Folgefonna er, m.a. grunna kulturhistorie, gjeve svært høg verdi. Ridevegen frå Gjerde til Hundsøyra, som også er av stor kulturhistorisk betydning, er derimot ikkje teke med i verdivurderingane.

Naturverdiar er eit stort og komplekst tema som generelt sett er mangelfullt kartlagt, og høyringane skal fungere som ein skranke for å sikre at ein har best mogeleg kunnskap og beslutningsgrunnlag. BHT meiner difor det er grunn til å vektlegge høyringsfråsegnene som kvalitative kjelder som dokumenterer friluftslivsverdien i området. BHT vil her særleg peike på uttalen frå Kvinnherad Turlag (KT) som ei kjelde til lokal og svært detlajert kunnskap om Maurangerutbygginga si verknad på friluftslivsverdiane i området.

Vidare vil BHT understreke at friluftslivsverdien av Folgefonna nasjonalpark er avhengig av dei lange ferdsselsårene som gjer at ein kan ferdast frå fjord til fjell gjennom eit storslått landskap med urørt preg. Difor må Folgefonnahalvøya sjåast som ein heilskap, då det er slik det vert meiningsfullt for mange av dei vandrande det her er snakk om.

DNT-hytter i området

BHT og Odda/Ullensvang Turlag eig tre hytter rett ved utbyggingsområdet. Hyttene vert nytta i rutenettet som vert berørt av dei omsøkte tiltaka.

Fonnabu turisthytte ligg ved brekanten av Folgefonna. Hytta har plass til 44 overnattingsgjester og er ein ettertrakta stad for breopplevelingar – både brekurs og skiturar over Folgefonna. Fonnabu vart bygd i 1974, og det er Kvinnherad Turlag (KT) som har ansvaret for drifta av Fonnabu. I 2022 hadde Fonnabu 901 overnattingar.

Holmaskjer ligg på et lite skjer stikkande opp av breen på Søre Fonna. Odda Turlag reiste hytta i 1988 i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag. Hytta har plass til 30 gjester.

Breidablikk ligg ein knapp time nordvest for Fonnabu, og er ei lita, ubetent hytte. Breidablikk var ein av mange "kvilehytter" bygd på slutten av 1800-tallet, då turisttrafikken byrja utvikle seg i Hardanger. Dei siste åra har hytta hatt mellom 50 og 100 overnattingar i året.

Friluftslivsaktivitet i området

BHT arrangerer fleire turar i området, samt årlege samlingar for turleiararar, på og ved Fonnabu. Fonnabu og området kring hytta har vidare stor betydning som regionalt fjellsportområde, grunna sin nærliek til isbreen og nasjonalparken. BHT arrangerer årlege brekurs og bresamlingar her.

Det er også uorganisert friluftsliv knytt til utbyggingsområdet, slik som dei populære helge-eller dagsturane på ski i traseen Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra/Holmaskjer/Fonnabu. Gjennom utbyggingsområdet går også skiruta "Folgefonna på langs" med start ved skisenteret på Folgefonna (Nordbreen/Jondal) og mål i Rosendal eller Blådalsbotnen. I området Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra, Botnabrea og Juklavatnet, ferdast lokale turgrupper og mange einskildpersonar, sommarstid. KT har skilta og merkt ruta Markjelke - Hardingaskaret/Hundsøyra. Den merkte sommarruta Markjelke - Botnabrea er den traseen der turgåarar frå Kvinnherad-sida lettast kjem i nærbane med isen på Folgefonna.

Kommentarar til revisjonsdokumentet

Ferdsle

Med enkel tilrettelegging kan ein auke bruken av området, og ein kan styrke naturopplevelingane. KT peiker på fleire konkret stiar der utbygginga har medført skader på ferdselsårer. Her meiner BHT det bør vere enkelt å setje vilkår som gjer at utbetringane skjer raskt. BHT meiner også fråsegna til KT, der dei påpeiker fleire tilfelle av manglande vedlikehald, syner at framtidige utbetringar må forankrast tydeleg i vilkåra. BHT vil vidare påpeike at alle tiltak for å betre ferdsle må vurderast, og sjåast på i ein heilskapleg samanheng. Det vil seie at ein må sjå ulemperne som reguleringa har medført for turområdet den enkelte sti inngår i. Oppgradering av ein sti som ikkje er kraftig og direkte berørt av utbygginga kan forsvarast av omsyn til verdien av stinettverket og friluftslivsområdet som i heilskap er sterkt berørt av kraftutbygginga. Vassdragsressurslova fastset at det kan:

[...] settes ytterligere vilkår når det synes nødvendig for å motvirke skader eller ulemper for allmenne eller private interesser.

Pålegg i medhold av denne bestemmelsen må være knyttet til skader forårsaket av utbyggingen[...].

Vassdragsressursloven §20

Opprusting av eit friluftslivsområde som er sterkt forringa av vassdragsutbygginga må seiast å vere «*knyttet til skader forårsaket av utbyggingen*». I sær om ein legg til grunn ein heilskapleg tilnærming. I retningslinjer for vilkårsrevisjonar kan ein lese at det i høve Ot.prp. nr. 50 (1991-92) kan gjerast ei slik heilskapleg vurdering:

Konsesjonsmyndighetene fastsetter eventuelle nye vilkår ut fra en helhetlig vurdering av hvilke forhold som gjør en endring påkrevet eller ønskelig på revisjonstidspunktet.⁷

Ferdselstiltaka har elles det til felles at dei medfører små negative verknader av den typen som vert framheva i OED sin rettleiar for revisjonar⁸:

Et annet viktig hensyn vil være i hvilken grad nye eller endrede vilkår vil medføre redusert krafttilgang for samfunnet sett opp mot hensynet til forsyningssikkerhet, behovet for fornybar energi, kostnaden ved tiltaket for konsesjonæren med videre.

BHT meiner ein logisk konsekvens av dette er at det bør vere låg terskel for å **vilkårsfeste oppgraderingar av stinettverket**. Vidare er det i denne saka verd å peike på at ferdselsrutene er fø⁹resetnaden for at mange menneske kjem seg ut. Det er eit uttalt mål for samfunnet at me skal ha mindre sosial ulikskap i folkehelsa, og her er friluftslivet av stor betydning som ein arena der «alle» deltek¹⁰. Vedlikehald av stiar, merking og anna tilrettelegging bidreg til å senka terskelen for at menneske som beveger seg ut for fysisk aktivitet og naturoppleving.

BHT vil også peike på at stiane er ei oppleving i seg sjølv. Friluftsforskar Anette Bischoff seier at «stiene forankrer oss i landskapet og skaper premissene for hvordan vi opplever og forstår naturen». I sitt doktorgradsarbeid konkluderer ho med at tilrettelegging av turstiar har ei grunnleggande betydning for menneske si oppleving og forståing av naturen. Den viser kva kvalitetar i landskapet som er veklagt i tilrettelegginga, og desse vert premissleverandør og forgrunn for kva turgåaren opplever i og av landskapet.

Naturopplewinga er delvis betinga av stien, og ein kan undra seg over kva naturopplewingar som vert forma av manglande vedlikehald og restar av gammalt anleggsarbeid. I motsett ende vil BHT minne om at opprusting av dei gamle kulturhistoriske ferdelsårene gjev grunnlag for særeigne og viktige opplewingar som det er spesiell grunn til å ivareta.

Konkrete utbetringar i stinettverket

BHT viser her til KT sine kommentarar til revisjonsdokumentet. BHT ber NVE sikra at stiane som KT omtalar vert vedlikehalde og gjort tilsyn med i tråd med KT sine innspel. NVE bør syta for at friluftstlivsinteressene får medverke i arbeidet.

Nedbørsfeltet for reguleringa er, som me alt har vist til, eit område som kan reknast å vere eit friluftstlivsområde av stor regional betydning. Dette er også turområde som har nasjonalt og

⁷ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste.pdf (S.15)

⁸ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste.pdf (s.24)

⁹ https://www.naturliv.no/dr_oppg/bischoff_stien.pdf

¹⁰ St.mld. 18 (2015-2016).

internasjonalt besøk, og BHT ber NVE tillegga innspela regional og nasjonal betydning. Utbetringar er særleg aktuelt for:

- RIDESTIEN FRÅ GJERDE. Ridevegen som gjekk via den eldste turisthytta ved Folgefonna, i Urdabotnen, vart delvis øydelagd av reguleringa og anleggsverksemda på 70-talet. Stien er rydda, skilta og nymerkt med T-ar tidleg på 2000-talet. Ruta har fått ein del skadar i seinare år og treng opprusting.

KT har no registrert turen i kulturminnedatabasen, og det er starta prosess for å få denne ruta kulturminneregistrert.

- STI FRÅ MARKJELKE TIL BOTNANE/BOTNABREA. Tilkomsten vart vanskeleggjort etter utbygginga, slik KT forklarer i si fråsegn. Botnabrea er den staden i Kvinnherad der det er kortast veg til breen, og ferdsla av fotturistar er aukande.
- STI PÅ AUSTSIDA AV REDNEDALSSKARET. Traseen på venstre/austre sida av skaret har lenge vore brukt av fastbuande i samband med tilsyn med dyr i området o.l.. Denne traseen har såleis vore nytta i lang tid før utbygginga på 1970-talet. Etter at det vart laga bilveg til Rednedalen, er dette den raskaste tilkomsten til fjellområde inn mot Folgefonna. BHT nyttar også denne vegen ved tilsyn og vedlikehald av hyttene Breidablikk og Fonnabu.

Ein bekk ved stien har i periodar vore flaumstor og tatt med seg massar, slik at nedre deler av stien er skada. Dette er ein direkte konsekvens av utbygginga i Rednedalsskaret, og det har skapt problem for ferdsla.

- T-MERKT STI PÅ VEST- OG SØRSIDA AV SVARTEDALSVATNET. KT merka den nye traseen utanfor dam- og overløpsområdet. Alle spor av Statkraft si merking to, tre år tidlegare var borte då turlaget merkte sommaren 2022. Skiltinga er det også turlaget som har stått for. Her bør konsesjonæren verte pålagt bidrag til vidare vedlikehald.
- Det er trøng for tiltak for å sikra allmenn tilgang til høgfjellet via anleggsvegane. Dette vil avbøta på tap av ferdselsårer og landskapsverknader som er komme fra utbygginga. Dette er spela inn i høyringa av Mauranger 2, men BHT vil nytta høvet til å løfta temaet, då det gjeld tema som er relevant i revisjonssamanhang.

Landskap

BHT meiner landskapsverknadene av vatn og fossar må tilleggast stor verdi i områda som omkransar ein nasjonalpark og eit landskapsvernområde. Området omfattar landsskapstypar som er prega av

vassdrag og fossefall. Difor ber me om ein grundigare vurdering av kost-nytte enn den som er lagt fram i revisjonsdokumentet

- For å ta stilling til om dei store fossane Sundefossen og Brufossen kan få større frislepp av vatn i sommarhalvåret, bør NVE krevje visualiseringar av vasslepp som gjev ein fornuftig balanse mellom betra landskapstilhøve og krafttap. Eksempelvis kan ein krevje vurderingar av eit sett vassføringar mellom Q95 og Q50.
- GODALSVATNET. Etter bortføring av vatn oppstraums ligg vatnet på lågaste nivå på sommaren. Dette medfører ei skjemmande "daudsone" langs stranda. Ved å etablera ein dam/terskel i utløpet, tilsvarande Markjelkevatn, vil ein kunna stabilisera vasstanden på sommarnivå.

Minstevassføring

For å oppfylle vassdirektivet og ivareta naturmangfaldet må det gjevast minstevassføring i alle vassdrag der dette kan bidra til å nå miljømålet i den regionale vassforvaltningsplanen. **Her ber me NVE å gjere ei heilskapleg analyse av berørte vassdrag med omsyn til naturmangfald, og samanheng mellom berørte vassdrag og fjordsystem.** I tillegg må det prioriterast å gjere andre habitatforbetrande tiltak.

Livskraftige sjølvrekutterande stammer både av aure og laks er ein vesentleg del av økosistema i vårt område, og difor viktige for dei som driv friluftsliv i området.

NVE må sikra at minstevassføring gitt i revisjonen til ei elv, renn forbi eksisterande småkraftverk. Minstevassføring gitt utfrå miljøhensyn i heile vassdraget må ikkje forsvinna inn i tunnelen til eksisterande småkraftverk

O/U

NVE bør be regulanten om å gjera greie for fleire moglege optimaliseringstiltak – inkludert tiltak som ikkje er lønsame, men som kan bidra til å gje mest mogleg energitilgang med lågast mogleg naturinngrep. Naturen har endå ikkje ein pris, og heilskapleg ivaretaking av natur krev gode vurderingar. For ein opplyst offentleg debatt om korleis ein kan få ny fornybar energi med minimalt naturtap, må utbyggjar og NVE synleggjere kva det teknisk moglege oppgraderingspotensialet er, og kva som er henta ut.

Avsluttande merknader

Friluftslivet har store verdiar som enkeltmenneske og samfunn og er difor viktig å verte prioritert i vilkårsrevisjonene. Ei vassdragsregulering med nær tørrlegging av ei rekke vassdrag,

magasinreguleringar med over 100 meterhøgdeforskjell på høg og låg vasstand, anleggsvegar, kraftlinjer, og installasjonar, har djuptgripande verknader for friluftsliv og landskap som ikkje kan sjåast som noko anna enn eit stort inngrep i eit heilskapleg og verdifullt område. Difor må det heilskaplege avbøtande tiltak til. Me håper NVE vil ta dette i betraktning i sine avvegingar. BHT vil understreka den samfunnsøkonomiske nytten av ivaretaking og restaurering av natur i ei tid då tap av natur veks fram som ei av verdas hovudutfordringar, og me vil oppmøde NVE til å ta omsyn til intakt natur, naturmangfald og friluftsliv i sine vurderingar. Konkret ber BHT om at:

- NVE tek saka i ESA, samt naturavtalen, med i sine vurderingar, og tileignar naturomsyn større vekt.
- NVE vektlegg friluftslivet med bakgrunn i den kunnskap og dei føringar som viser friluftslivets eigenverdi og verdi for folkehelsa.
- NVE vektlegg landskaps- og friluftslivsverdiane i området i tråd med friluftslivsorganisasjonane sin fråsegner
- NVE å vilkårsfestar oppgraderingar av stinettverket
- NVE gjer ei heilskapleg analyse av berørte vassdrag med omsyn til naturmangfald, og samanheng mellom berørte vassdrag og fjordsystem

Me vil avslutningsvis opne for refleksjon over kvifor friluftslivet syner å ha så mange og vidtrekkande positive verknader. Friluftslivet er, i sin essens, å setje oss i kontakt med det livsmiljøet me i tusenvis av år er tilpassa. Som John Muir, pioneren bak USAs første nasjonalparkar, har skrive: "I only went out for a walk and finally concluded to stay out till sundown, for going out, I found, was really going in."¹¹

Med helsing

Helen Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Elisabeth Skage
Styrelseleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag

¹¹ S. 439 i Muir, John (1938). John of the Mountains: The Unpublished Journals of John Muir. Madison: University of Wisconsin Press.